

Valprogram Sogndal SV 2023-2027



1

Innhold

Menneske – ikkje marknader	2
Framtid – ikkje ureining.....	2
Sogndal og Sogn	2
Våre hjartesaker	3
Klima og miljø	3
Sosial inkludering.....	4
Oppvekst	4
Helse, omsorg og sosiale tenester	5
Kommunen som arbeidsgjevar	6
Planlegging og arealbruk	6
Bustad	7
Næringsutvikling	7
Kommunikasjon og mobilitet	8
Kultur, idrett og friluftsliv.....	9
Målbruk.....	10
Likestilling i lokalsamfunnet.....	10
Integrering og mangfold	11
Internasjonal solidaritet	11
Demokrati og politisk styring	12
Strategi for samarbeid.....	12

Eit rettvist grønt val

2

Sma skilnader i makt og rikdom styrkar tilliten mellom folk. Gode velferdstenester til folk flest må settast framfor skattekutt til dei som har mest. Velferd og naturressursar skal tene oss alle, ikkje gje forteneste til nokre få. Me må kutte utslepp, bremse dei farlege klimaendringane og ta vare på naturen. Rein luft, reint hav, rein natur og grøne arbeidsplassar er viktigare enn kortsiktig profitt. Det er tid for små skilnader og sterke fellesskap - for inkludering, samhald og solidaritet.

Menneske – ikkje marknader

Prisar på mat, straum og bustad har auka, mange har økonomiske problem og ein av fem bur i ei hushaldning som ikkje klarer ei utgift som ikkje er planlagt. 11,3 prosent av barn under 18 år bur i familiar med låg inntekt, og også i Sogndal veks barn og unge opp i fattigdom. SV ønskjer difor å fryse prisane på kommunale bustader og eigendelen på kommunale tenester, og vurdere nivået på eideomskatten. Helse, utdanning og dei andre velferdstenestene løyser me best i fellesskap. Å overlate dei store fellesoppgåvene til marknaden er å gje makta til dei pengesterke. Difor tek SV kampen for velferd utan profitt, og for auka bemanning med heile og faste stillingar. Difor vil SV støtte opp under partssamarbeidet og den norske arbeidslivsmodellen, og gje meir tillit til dei som arbeider for fellesskapet.

Framtid – ikkje ureining

Klimakrisa og tap av naturmangfald er den største utfordringa i vår tid. Me ser allereie konsekvensar av klimaendringane i lokalsamfunna våre, med meir ekstremt ver, flaum, styrregn, turke og ras. Det er naudsynt med store investeringar i førebyggande tiltak og lokale tilpassingar. Klimaendringane er eit globalt problem, men mange av løysingane må finnast lokalt. Utvikling og utbygging fører for ofte til nedbygging av natur. Berre tre prosent av arealet på jorda er dekka av myr, men desse områda bind meir karbon enn alle regnskogane til saman. Me må verne om gamalskog, myr, kulturlandskap og vassdraga våre, for å hindre at me taper naturmangfaldet som gjer naturen robust. Difor tek SV kampen mot forsøpling og ureining av naturen, for klimavenlege kommunar og for ein rein fjord og ei rein jord.

Sogndal og Sogn

Sogndal skal vere ein god vertskommune for alle offentlege organisasjonar og private verksemder, ved å syte for gode tenester, eit godt kulturtildød og utviklingsmøgleheter. HVL Campus Sogndal er ein viktig arbeidsplass og utdanner viktig arbeidskraft til regionen, og studentane gjev liv i bygda. Som regionsenter skal Sogndal i lag med nabokommunane og fylkeskommunen medverke til berekraftig utvikling i heile Sogn.

Verdien samskapande forpliktar, og med utfordrarbygda.no har Sogndal eit godt verktøy for å styrke folk sine møgleheter til å ha innverknad på utvikling og tenester i eige lokalsamfunn. Me treng at fleire, med all slags bakgrunn, deltek i lokaldemokratiet. Administrasjonen må ha tilstrekkeleg med ressursar til å leggje til rette for og handsame innspel frå innbyggjarane i utviklingsarbeidet i kommunen.

Folk skal vere trygge på at dei får kvar dagstenestene der dei bur. Ein større organisasjon gjev likevel høve til å bygge sterkare fagmiljø, og til å utvikle tenestetilbodet til beste for alle innbyggjarane. Sogndal kommune kan ta hand om fleire spesialiserte tenester, aleine eller saman med nabokommunane. Slik kan me medverke til desentralisering i eit samfunn som elles blir meir og meir sentralisert.

Våre hjartesaker

Klima og miljø

Klimakrisa gjev store konsekvensar også i våre lokalsamfunn. Arealbruk er ein nøkkelfaktor i arbeidet med å bremse klimaendringane, for klimatilpassing og som den viktigaste faktoren i arbeidet med å stanse tap av natur. Me tapar naturmangfald ved utbyggingar av hyttefelt, vegar, vass- og vindkraft, flatehogst av skog og av at kulturlandskap gror att. Naturen består av eit komplekst samspel mellom ulike artar, der dei fleste er påverka av andre gjennom næringskjeda og kretslaup. Tap av naturmangfald gjer naturen mindre robust, og nedbygging av myr- og torvområder må takast inn i eit klimarekneskap.

3

Sogndal sine natur- og miljøkvalitetar, med gode høve for eit aktivt friluftsliv, er ein av grunnane til at folk buset seg i kommunen. For SV er det eit overordna mål å ta vare på desse kvalitetane.

SV vil

- at alle kommunale bygg og anlegg skal få eit tydeleg grønt preg gjennom å ta vare på jordsmonn og vegetasjon eller retablere jordsmonn og vegetasjon.
- kjøpe tenester lokalt, og slik minske transportbehovet for varer og arbeidskraft
- følgje opp klima- og miljømåla til kommunen gjennom ein tydeleg eigarskap i selskap som Sogndal skisenter drift, Simas og andre
- at kommunen legg sirkulærøkonomi til grunn i nybygg og vedlikehald av bygg og anlegg, og stiller krav om dette
- at offentlege bygg i så stor grad som mogleg vert brukt til fleire aktivitetar gjennom dagen og veka
- verne open myr i kommunen, for å hindre vidare nedbygging og for å nå måla Noreg har forplikta seg til i Paris-avtala om å verne 30% av landområda i verda
- at det blir stilt krav om tilbakeføring av natur ved utbyggingar utanfor bebygd område
- at det ikke skal opnast opp for hytteutbygging utanfor allereie planlagde hyttefelt
- at utbyggingar så langt som råd skal bevare det biologiske mangfaldet
- at det ved tilsåing i vegkantar vert sådd artar som er ein del av den lokale floraen
- halde fram arbeidet med fossilfri energi og ENØK-tiltak og pluss-teknologi i kommunale bygg
- ha miljøsertifisering av kommunale institusjonar og verksemder
- at klima- og miljøkrav skal vektast så høgt som regelverket tillet ved kommunale innkjøp
- legge om til fossilfri transport i kommunal verksemde
- sikre villaksen, stoppe lysfiske og følge opp marint vern av Sognefjorden
- støtte fossilfri transport gjennom utbygging av ladestasjonar for bil og sykkel
- arbeide for statleg delfinansiering av betre reinseanlegg for vatn og kloakk i terskelfjordane

- at det skal etablerast innfartsparkering i Balestrand, Sogndal og Leikanger for å legge til rette for mindre biltrafikk i sentrum og for kollektivreiser
- ha fokus på grøn teknologi og grøne bedrifter i næringsutviklingsarbeid
- legge til rettes for auka kollektivtransport og sykkelbruk, t.d. gjennom ei lånesykkelordning
- nytte økologiske og lokale råvarer der dette er mogleg i offentlege kantiner og servering på skule, barnehage og sjukeheim
- at Sogndal skal vere ein Nasjonalparkkommune og syte for tilgjengeleg oversyn over verneområda i kommunen
- Sogndal kommune skal alltid prioritere klimavenlege løysingar

Sosial inkludering

Eit aukande tal born veks opp i fattige familiar. Kommunen må føre ein politikk for inkludering og omfordeling. Me veit at inntekt og stabilt arbeid er viktig for å overvinne fattigdom. Difor må særleg unge som står utanfor arbeid og aktivitet følgast tett opp.

SV vil

- arbeide for gjennomgående søskenmoderasjon i barnehage og SFO, og greie ut om Kulturskulen også kan vere ein del av opplegget med gjennomgående søskenmoderasjon
- auke støtta til frivillige organisasjonar, slik at dei kan tilby barn og ungdom aktivitetar utan deltakaravgift
- ha gratis bruk av kommunale bygg for barne- og ungdomsaktivitetar
- ha samarbeid mellom kommunen, NAV og private og offentlege verksemder om praksisplassar og arbeidstrening

Oppvekst

Ein inkluderande fellesskule er viktig for å sikre at alle born får eit godt opplæringstilbod, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller kvar ein bur. Fleire tilsette med relevant utdanning i skule og barnehage er avgjerande for å gje barn og medarbeidarar ein betre barnehage- og skulekvardag.

SV vil ha ein ny og betre skuledag for elevane. Det vil me få til med å gje elevane ein utvida og meir praktisk skuledag, og å styrke dei tilsette sin kompetanse.

SV vil

- auke talet fagutdanna tilsette i barnehagen, og innføre to-pedagogprinsippet for kvar barnehageavdeling
- planlegge i tide for å ha nok barnehageplassar når behovet er der og ha fleire opptak i året
- innføre ei prøveordning med utvida skuledag, slik at lekser og organiserte fritidsaktivitetar kan gjennomførast på skulen
- innføre prøveordning med felles skolemåltid

- ha betre seksualundervisning
- styrke skulehelsetenesta med meir tid på skulane
- styrke samarbeidet og sikre tidleg innsats for barn og unge
- aktivt bruke Nok.Sogn og Fjordane for å nå visjonen om eit samfunn utan seksuelle overgrep
- ha eit tett samarbeid med lærar- og barnehagelærarutdanninga om praksis og fagutvikling

5

Helse, omsorg og sosiale tenester

Gode tenester er avhengige av naudsynt kompetanse og nok tilsette, noko som krev gode løns- og arbeidsvilkår og kompetanseutvikling.

Einsemd er ei stor helseutfordring mellom eldre. Bustadane i kommunen må legge til rette for at folk kan bu i eigen eigna heim så lenge som mogleg. Fellesareal og høve til aktivitetar er avgjerande for ein god alderdom.

Nyskaping og kvalitetsløft i tenestene skjer best gjennom satsing på og samarbeid med dei tilsette, gjennom partssamarbeid og i samarbeid med Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og frivilligheita. Eit godt samarbeid er ein føresetnad for berekraftige tenester.

SV vil

- utvikle kompetansen hjå dei som arbeider i omsorg og helse gjennom planlegging og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning
- legge til rette for at eldre kan bu i eigen eigna heim og oppretthalde eit aktivt og sjølvstendig liv
- leggje til rette for bufellesskap for eldre
- styrke tenestene for menneske med kognitiv funksjonshemmning
- tilby fastlønte kommunale stillingar til legar som eit rekrutteringstiltak
- ha eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, gjerne gjennom frivilligkeitssentralen
- etablere fleire læreplassar, tilby fleire praksisplassar og syte for nok tid for rettleiing for studentar og elevar.
- ta i bruk velferdsteknologi for å frigjere tid til pleie og omsorg
- at sjukeheimar skal ha eigne kjøkken for å sikre sjuke og eldre næringsrik mat og betre matlyst
- prøve ut tiltak som kan betre arbeidstilhøva i helse- og omsorgstenestene
- styrke innsatsen i psykisk helsearbeid
- arbeide for lokalisering av desentraliserte polikliniske tenester i kommunen
- vidareføre og styrke legevaktpiloten i Balestrand

Kommunen som arbeidsgjevar

SV vil ha heile og faste stillingar, auka bemanning og fast tilsette kommunale vikarar i staden for innleige. Endringane i demografi med fleire eldre og færre i arbeidsdyktig alder gjer at kommunen må gjere ein god jobb for å rekruttere og halde på medarbeidarar.

Det skal vere nok folk på arbeid til å gje gode tenester. Tillitsreforma må få konkret innhald gjennom samarbeid med fagforeiningane. Medarbeidarane må få tid, tillit og høve til å bruke fagleg skjønn i arbeidet.

SV vil

- styrke heiltidskulturen i kommunen
- ha ein communal vikarpool
- legge til rette for ordningar slik at tilsette kan ta etter- og vidareutdanning
- Arbeide for fleire praksisplassar for studentar ved grunnskule-, barnehagelærar-, sosialarbeidar-, barnevernpedagog- og vernepleiarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal
- sikre at verksemder som utfører oppdrag for kommunen eller kommunale selskap, skal tilby arbeidsfolka sine skikkelege kår og møte miljøkrava
- etablere fleire kommunale lærlingplassar
- arbeide for at akutthjelparar, t.d. i brann- og redningstenesta, blir omfatta av pasientskadeordninga
- styrke partssamarbeidet på alle nivå i kommunen

Planlegging og arealbruk

Kommuneplanen sin arealdel er eit viktig verkemiddel for kommunen sitt arbeid med samfunnsutvikling. Bruken av areal er den største klimapåverkaren i kommunen. Arealplanlegginga må òg ta omsyn til at kommunen både skal utvikle eit senter som kan vere utviklingsmotor i regionen, at me skal ha fleire tettstader med rom for utvikling og at det skal vere attraktivt å busetje seg i dei ulike grenadene i kommunen.

SV vil

- sørge for eit levande sentrum der og kommunale funksjonar vert nyttå aktivt for å skape sosiale møteplassar, fysisk aktivitet og trivsel for innbyggjarar i alle aldrar.
- at all utbygging skal vere klimanøytral
- sikre tilgjengeleg næringsareal
- planlegge for at fleire kan gå og sykle til arbeid, skule og andre kvardagsaktivitetar.
- bruke allereie utbygd areal, og fortette også næringsareal der det er aktuelt.
- skaffe oversikt over ledige hus, småbruk og hytter for å vere eit bindeledd mellom eigalar og personar, lag og organisasjonar som ynskjer bustad eller fritidseigedomar.

- legge til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og private utviklarar om gode og effektive planprosessar som sikrar ei god samfunnsutvikling
- planlegge i tide for at det skal vere tilgjengeleg areal for bustadbygging og næring i heile kommunen. Om naudsynt må kommunen kjøpe opp og legge til rette areal i eigen regi.
- at det blir stilt kvalitets- og klimakrav til private regulerings- og utbyggingsplanar. Slike planar må inngå i ein heilskapleg strategi for samfunnsutvikling, og ikkje vere styrt av utbyggarinteressene åleine.
- at planlegginga må legge opp til fortetting og pendleparkering nær kollektivknutepunkta i kommunen, slik at fleire på ein enkel måte kan reise kollektivt.
- at fortetting framleis må vere den sentrale strategien for utbygging i regionsenteret, med varierte bustadar for einslege, barnefamiliar og eldre.
- utnytte handlingsrommet som plan- og bygningslova gir for å lage planar tilpassa saka den skal løyse, noko som mellom anna sikrar at lokale entreprenørar og konsulentar kan utvikle bygda

Bustad

Alle menneske skal ha ein trygg stad å bu. Kommunen skal vere ein sentral aktør i å skape ein bustadmarknad som fungerer for alle. Sogndal har mange unge tilflyttarar, både einslege, par og barnefamiliar. Bustadmarknaden må utviklast med tanke på at det trengst ulike bustadformer for å dekke ulike behov, og endra behov ettersom unge familiarer blir fleire.

SV vil

- legge til rette for bustadområde med varierte bustadtypar for ulike aldersgrupper og med sosiale møteplassar og gode felleskapsløysingar, som sikrar at folk med enkel tilrettelegging kan bu lenge i bustaden sin.
- ha nok tilgjengelege tomter og kommunal bustadbygging i heile kommunen
- etablere kommunalt tomteselskap og bustadbygging i regi av bustadbyggelag
- at kommunen ikkje tillet omgjering av familiebustader til utleigeobjekt
- legge til rette for rimelege bustader for førstegongsetablerarar, både einslege og småbarnsfamiliar
- stille klare kvalitets- og klimakrav til utforming av nye bustader og bustadområde
- styrke leige- til eigeordninga
- legge til rette for meir bruk av vassboren varme, solceller og passiv solfangar i alle nybygg
- ta betre vare på bygga og bustadane våre

Næringsutvikling

Sogndal kommune har eit allsidig næringsliv. Her finst eit utviklingsorientert jordbruk, lokalt eigde industriverksemder, eit sterkt handels-, reiselivs- og tenestetilbod saman med nasjonale og regionale forvalningsinstitusjonar, høgskule og forsking. Dette er godt utgangspunkt for samfunns- og næringsutvikling, og me treng ein offensiv strategi for å følgje opp dette Gode velferdstenester til

innbyggjarane er hovudoppgåva til kommunen. Det ligg til vertskommunerolla å syte for møteplassar for, og koordinering av, interessene til store og små, private og offentlege verksemder.

SV vil

- ha ein open næringspolitikk og satse på næringsutvikling i heile kommunen
- støtte lokale gründerar m.a. ved å ha rimelege kontor- og næringslokale
- ha effektive og målretta plan- og byggesaker
- bruke kommunale innkjøp til å styrke lokalt næringsliv, miljø og innovasjon
- gjere kommunen til ein føregangskommune for utvikling av grøn teknologi i samarbeid med lokalt næringsliv, høgskule og forskingsorganisasjonar
- styrke dei kommunale næringsmidlane og den kommunale næringsadminstrasjonen
- styrke vertskommunerolla for HVL og medverka til eit godt samarbeid mellom HVL, kommune og lokalt næringsliv

8

Kommunikasjon og mobilitet

Sogndal er ein vidstrekta kommune med behov for eit godt kollektivtilbod og god kommunikasjon mellom dei ulike delane i kommunen, slik at alle kan reisa miljøvenleg. Både bedrifter og offentlege institusjonar er avhengige av god kommunikasjon i regionen og mot dei store byområda. Gode breiband- og mobilsamband er avgjerande for at næringslivet i distrikta skal konkurrere på lik linje med byane.

SV vil

- Sikre god mobilitet i sentrum basert på at flest mogleg skal gå eller sykle og late bilen stå
- Sikre ein god balanse mellom parkeringsanlegg og ei framtid der fleire går og syklar slik at ein ikkje bygger ned viktig areal med store parkeringsanlegg som på lang sikt vert ståande tomme
- arbeide for å styrke kollektivtilboden innan kommunen, både i vekedagane og helgane, med særleg fokus på å sikre Balestrand betre ferjesamband med resten av kommunen, og på fleire bussruter Balestrand - Leikanger - Sogndal og Kaupanger - Sogndal
- prøve ut tilpassa kollektivtilbod, til tider og i område med veikt grunnlag for andre kollektivtilbod
- ha sykkelveg Leikanger - Kaupanger og Sogndal - Kvam
- ved omlegging til eldrift i trekantsambandet Hella – Dragsvik – Vangsnes må også reservekaia i Balestrand leggast til rette for eldrift
- trygge Sognebåten og ha eit sikkert flytilbod på Haukåsen
- arbeide for snarleg utbetring av vegen Hella – Leikanger og bru over Esefjorden
- sette i gang planarbeidet for ei framtidig vegløysing forbi Sogndal sentrum, slik at vegløysing og kommunalt planarbeid kan sjåast i samanheng

Kultur, idrett og friluftsliv

Kunst og kultur har mykje å seie for utviklinga av sosiale fellesskap, for inkludering og for gode debattar og ny kunnskap. Kultur, idrett og friluftsliv er òg viktig for folkehelsa, gode lokalsamfunn og for arbeidet med samfunnsutvikling. Kommunen må satse på biblioteka og kulturskulen, som er dei to kulturinstitusjonane kommunen har ansvar for. Kunst- og kulturfeltet er òg ein arena for samarbeid mellom kommunane og det frivillige. For barn og unge er det spesielt viktig å få høve til å vera med i det inkluderande fellesskapet i kultur idrett og friluftsliv.

SV vil

- løfte løyvingane til folkebiblioteket, og slik styrke biblioteket som ein arena for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle
- trygge og utvikle tilbodet til kulturskulen
- samarbeide med dei frivillige organisasjonane om idretts- og kulturtildod innan ramma av ein utvida skuledag
- stimulere til at fleire barn og unge søker seg til kulturskulen
- løfte Sogndal som kunstcommune
- utvikle ein kommunal kultur- og frivilligpolitikk i samarbeid med dei frivillige organisasjonane innan kultur, idrett og friluftsliv
- styrke kultur- og fritidstilbodet til ungdom
- gje det frivillige kultur- og idrettslivet trygge og føreseielege rammevilkår
- i samarbeid med idrettslaga og andre lage ein samla plan for utvikling av bygg og anlegg der kommunen skal medverka
- sikre nok og rimeleg hallareal til idrett, konkurransar og uorganisert aktivitet, inkludert skateområde
- samarbeide med friluftsorganisasjonane og andre aktørar for å utvikle Sogndal som beste kommune å bu i for aktive friluftsfolk
- ha tilbod om eigna øvingslokale for lag og organisasjonar, og opne lokale for eigenorganisert aktivitet i alle tettstadane i kommunen
- bygge musikkbinge på Kaupanger
- vere ein god samarbeidspart for Bokbyen i Fjærland

Målbruk

Sogn er eit kjerneområde for nynorsk språk og kultur. Difor vil SV arbeide for at Sogndal kommune skal styrke innsatsen for god målbruk og det nynorske språket. Det skal vere enkelt å vere nynorskbrukar både som elev og arbeidstakar.

SV vil

- at kommunen skal krevje all digital programvare på nynorsk, takke nei til materiell som berre blir tilbygd på bokmål og ha oversyn over gratismateriell på nynorsk.
- at kommunen krev at eksternt utarbeidde rapportar vert skrive på nynorsk.
- at alt skulemateriell, digitalt og på papir, skal vere levert på begge målformer til same tid og pris, og før skulestart.
- at kommunen skal bidra til at medarbeidarane har klarspråkkompetanse og god nynorsk målføring
- at kommunen skal oppmøde om og bidra til at engelske begrep vert ertstatta med gode nynorske uttrykk

10

Likestilling i lokalsamfunnet

Kampen for kvinnefrigjering og likestilling er ein kamp for fridom og rettferd. SV ønskjer å skape eit samfunn der kjønn ikkje set grenser for fridomen og vala til folk. Noreg har ein av dei mest kjønnsdelte arbeidsmarknadene i Europa, og kvinner tener i snitt 85 prosent av det menn gjer. Kampen for likeløn og heiltidsarbeid er viktig, og den skjer i lokalsamfunnet.

Overgrep og vald er ekstreme utslag av skeive maktforhold mellom kjønna. Me må sikre god beredskap og døgnøpe krisesenter og overgrepsmottak. Alle skal ha rett til å bestemme over eigen kropp, og ha likt høve og fridom til å delta i samfunnet. Grensesetting og respekt for andre sine grenser må inn i seksualundervisninga, og helsesøsterordninga på skular og i barnehagar må styrkast.

SV vil

- at kommunen er aktiv i Pride-markering i Sogndal
- sikre eit godt krisesentertilbod
- bidra til at kommunen lagar handlingsplanar mot vald og overgrep i nære relasjoner
- bidra til auka kompetanse hjå tilsette i barnehage og skule, om ulike kjønnsuttrykk og seksuell orientering
- følgje opp vedtaket om nulltoleranse for seksuell trakkassering i samarbeid med Nok.Sogn og Fjordane
- Sogndal skal vere eit trygt lokalsamfunn for alle

Integrering og mangfald

11

Menneskeverd, mangfald og likeverd er sentrale verdiar i SV. Me ønsker eit lokalsamfunn der innbyggjarane har tillit til kvarandre, og viser kvarandre respekt på tvers av kjønn, etnisitet, religion eller kulturell bakgrunn. Integrering skjer i lokalsamfunnet: på skulen, i nabolag, i frivillige organisasjonar, og andre fellesarenaer. Gjennom slike møteplassar kan ein bryte ned grenser, fremme språkopplæring og skape eit mangfaldig og godt lokalsamfunn.

SV vil

- bidra til å bygge fleire felles møteplassar mellom ulike kulturar og aldrar
- legge til rette fleire praksis- og arbeidsplassar for flyktningar
- drive eit systematisk arbeid mot strukturell rasisme
- samarbeide om integreringstiltak med det frivillige kultur- og organisasjonslivet
- ta til motmæle mot politisk retorikk som fordømmer eller karakteriserer grupper som mindreverdige
- etablere livssynsope seremonilokale, særleg til bruk ved gravferd

Internasjonal solidaritet

Verda i dag står overfor store globale problem. Dette er problem som må løysast saman på ulike samfunns- og forvaltningsnivå. SV ønsker at Sogndal skal sette globale spørsmål på saklista, og gjøre det som kan gjerast i kommunen for å ta vår del. Dette ønsker me å gjøre gjennom retningslinjer for kommunal handel, gjennom å sikre at investeringane som kommunen gjer, er berekraftige, og sikre at dei varene og tenestene som kommunen nyttar ikkje medverkar til okkupasjon, som til dømes okkupasjonen av Vest Sahara og Palestina.

SV vil

- vedta ein strategi for etisk og rettferdig handel
- trekke kommunale pensjonsfond og investeringar ut av kol, olje og gass
- at kommunen må syte for ei etisk og berekraftig forvaltning av alle kommunale investeringar i fond, og av kommunale pensjonsordningar
- at ordføraren i kommunen melder seg inn i «Ordførarar for fred» og på den måten sluttar seg til den internasjonale kampen mot atomvåpen
- gå imot innkjøp av varer og tenester som blir produserte på okkupert jord

Demokrati og politisk styring

For sosialistar er det alltid eit mål å utvide demokratiet. Romma for politikk og samfunnsutvikling må opnast opp for folk flest. For å endre makttilhøva må samfunnet endrast nedanfrå. Fleire må få høve til å påverka korleis delar av pengane blir brukt lokalt, gjennom deltagande budsjettering og andre former for deltagande demokrati. Særleg er det viktig at kommunen har ein open og forståeleg budsjettprosess som gjev innbyggjarar og folkevalde høve til innspel og prioriteringar.

12

SV vil

- at flest mogeleg skal ha mogelegeheter til innverknad på det som skjer i eige lokalsamfunn og eigen kommune.
- ha forsøk med innbyggarinvolvering i budsjettering, gjennom ei form for deltagande budsjettering
- ha ein open kommune med tydeleg kommunikasjon, tilgjengelege planar og opne kommunale prosessar slik at innbyggjarane kan følgje med på prosessane i kommunen

Strategi for samarbeid

SV søker alliansar med organisasjonar som me deler politiske mål med. For å betre kommunale tenester og føre ein god arbeidsgjevarpolitikk i kommunen treng vi eit tett og forpliktande fagleg samarbeid. For å føre ein god miljøpolitikk er det avgjerande å samarbeide med miljøvernorganisasjonar og aksjonsgrupper. SV vil samarbeide med andre parti for å få gjennomslag for politikken vår, og me søker makt for å dreie samfunnsutvikling til venstre.